

## Vedtekter for Hemsedal Energi AS

### § 1 Foretaket sitt namn og firma

Selskapets namn er Hemsedal Energi AS.

### § 2 Forretningskommune

Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Hemsedal kommune.

### § 3 Foretaket sitt føremål

- Selskapets verksemd skal være energiforsyning i Hemsedal kommune. Overføringsnettet skal til ein kvar tid ha god kvalitet og sikre straumleveranse til heile bygda.
- Hemsedal Energi AS forvalter Hemsedal kommune sine kraftressursar i tråd med einkvar tid gjeldande avtale når kommunestyret gjer vedtak om det.
- Selskapet kan også drive annan verksemd som er naturleg knytta til energiselskapets verksemd, herunder å ha aksjer og eigarskap til datterselskap og andre interesser knytta til energiselskapets verksemd.

### § 4 Aksjekapital og aksjer

Selskapets aksjekapital er NOK 1.000.000, fordelt på 1.000 aksjer, kvar aksje pålydande NOK 1.000.

### § 5 Ledelse

Selskapet skal ledes av eit styre. Den daglege ledelsen høyrer under ein dagleg leiar.

Dagleg leiar har det daglege ansvaret for at selskapet blir leda i samsvar med gjeldande lovgjeving, desse vedtekter og etter vedtak som blir gjort i selskapets formelle organ.

### § 6 Selskapet sitt styre

Styret i selskapet skal bestå av i alt 5 medlemmer og 3 varamedlemmer. Eit styremedlem skal veljast av dei tilsette, i tillegg til eit varamedlem. Styreleiar skal veljast blant dei andre styremedlemmene.

Alle styremedlemmer blir valgt for 2 år av gangen. For at ikkje alle skal vera på valg samtidig blir 2 styremedlemmer valgt for 3 år ved fyrste valg som er ordinær generalforsamling 2020.

Hemsedal kommune sin ordførar og rådmann har møte og talerett i selskapet sine styremøter.

## **§ 7            Generalforsamling**

Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni.

Generalforsamling vert innkalla av styret med minst 14 dagers varsel. Det behandlast kun saker som står i innkallinga. Saker som skal være med må være styret i hende minst 3 veker før generalforsamlingen skal haldast.

Ordinær generalforsamling behandler og avgjer:

1. Årsregnskap, årsberetning og revisors beretning.
2. Valg av styremedlemmer, samt valg av styrets leiar og nestleiar.
3. Fastsetja styrets godtgjering.
4. Valg av revisor og godkjenning av revisors godtgjering.
5. Andre saker som er nevnt i innkallinga.

Ellers gjeld aksjelovens vedtak om generalforsamling.

Om ekstraordinær generalforsamling gjeld til einkvar tid aksjelovens vedtak.

## **§ 8            Øvrig**

For øvrig vises det til einkvar tid gjeldande aksjelovgjeving.